

Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Øivind Olsnes	FE - 080	14/354

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
010/2015	Formannskapet	PS	20.01.2015
008/2015	Kommunestyret	PS	05.02.2015
016/2015	Kommunestyret	PS	09.04.2015

Endring av reglement for godtgjering til folkevalde

Forslag til vedtak:

Saka lagt fram utan framlegg til vedtak

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Kommunestyrevedtak -020/2014

Kommunestyret gjev formannskapet i oppgåve å gjennomgå gjeldande reglement og gjere framlegg om ei eventuell revidering innan 01.02.2015.

Formannskapet - 010/2015

FOR - behandling:

Etter drøfting i møtet vart framlegg til endring tilrådd.

Samrøystes

FOR - vedtak:

Formannskapet rår til at:

- Godtgjersla for ordførar vert slik endra (1. avsnitt):
Ordførar skal ha ei årleg godtgjersle for ordførarvervet. Godtgjersla skal vera 90 % av stortingsrepresentantane si faste årlege grunn godtgjersle.
- Øvrig regelement vert føreslege vidareført.

Kommunestyret - 008/2015

KS - behandling:

Tom Kristian Thorsen gjorde framlegg om at saka vart utsett grunna mangelfull saksutgreiing.

Røysting:

Samrøystes vedteke utsett

Kommunestyret vedtok deretter at arbeidsgruppa som i 2011 vart nedsett til gjennomgang av reglementet fekk i oppgåve å revidere dette også no. Harald Farestveit var leiar for dette arbeidet.

KS - vedtak:

Kommunestyret - 016/2015

KS - behandling:

Arbeidsgruppa sitt framlegg til eit revidert reglement vart delt ut i møtet og presentert av Harald Farestveit.

1. Godtgjersle til ordførar i Modalen kommune vert frå 1.mai 2015 auka til 3/4 (75%) av fast årleg godtgjersle til stortingsrepresentantane som pr. 1. mai 2014 er kr. 865.100,-.Justering vidare vert pr. 1.5. kvart år.Auken på ca. 12.5% vert grunngeven med auka arbeidsmengd knytt til kommunereform-prosessen.2.Møtegodtgjersla vert auka til kr. 800,-. 3.Leiartillegget vert auka til kr. 325,-.4.Vedtekne endringar vert å innarbeida i «Reglement for godtgjering til folkevalde»Etter drøfting i møtet og gruppemøte vart det sett fram slike endringsframlegg:

Tom Kristian Thorsen:

pkt 1 - dato for iverksetting vert sett til 1. oktober 2015

Kristin Nâmdal:

Andre avsnitt under punkt 1. (grunngeving for auke) utgår.

Røysting:

Det vart røysta over dei ulike endringsframlegga først.

Framlegg frå Kristin Nåmdal:

Vedteke med 12 røyster, Trond Henriksen røysta mot

Framlegg frå Tom Kristian Thorsen:

Vedteke med 12 røyster, Trond Henriksen røysta mot

Det vart deretter røysta over heile framlegget som vart samrøystes vedteke.

KS - vedtak:

1. Godtgjersle til ordførar i Modalen kommune vert frå 1.oktober 2015 auka til 3/4 (75%) av fast årleg godtgjersle til stortingsrepresentantane som pr. 1. mai 2014 er kr. 865.100,-.

Justering vidare vert pr. 1.5. kvart år.

2.Møtegodtgjersla vert auka til kr. 800,-.

3.Leiartillegget vert auka til kr. 325,-.

4.Vedtekne endringar vert å innarbeida i «Reglement for godtgjering til folkevalde»

Vedlegg:

REGLEMENT FOR GODTGJERING TIL FOLKEVALDE